



## SAKSFRAMLEGG

<b>Sakshandsamar:</b> Hageberg, Charlotte	<b>Arkivkode:</b> FE - 143
<b>Arkivsaksnr:</b> 17/596	<b>Løpenr:</b> 17/9538
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

### SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	22.11.2017	048/2017
Kommunestyret	13.12.2017	058/2017

### Budsjett 2018 og økonomiplan 2018-2021

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering.

Det vert tatt opp eit lån på kr 8,46 mill. i 2018 til mellom anna investeringar i vatn og avløp. Lånet skal betalast ned over 40 år og ha eit avdragsfritt år.

Det vert tatt opp eit startlån i Husbanken på kr 2 mill. i 2018. Startlånet vert tatt opp i samsvar med Husbanken sine retningslinjer for startlån som er med ei løpetid på 30 år og med 2 avdragsfrie år.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 500 000 kroner i 2018. Dette er lagt til grunn i økonomiplanframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om forlenga løpetid på lån i samsvar med dette.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2018:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedom (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedom vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2017 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

**Dokument som er vedlagt:**

Rådmannen sitt framlegg 2018-2021

Vedlegg til rådmannen sitt framlegg

Notat til kommunestyret 13.12.2017 om eigedomsskatt - alternativ promille og botnfrådrag

**22.11.2017 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

***Første møtedag, onsdag 22.11.2017:***

Leiar i kontrollutvalet, Brigt Olav Gåsdaal (A), orienterte innleiingsvis om kontrollutvalet sitt budsjettframlegg. Etter dette orienterte kyrkjeverje Britt Haukanes om Samnanger kyrkjestyre sitt budsjettframlegg.

Gildskap

Øyvind Røen (Sp) bad om å få vurdert gildskapen sin, på bakgrunn av at han er gift med kyrkjeverje Britt Haukanes. Røen gjekk frå medan formannskapet handsama spørsmålet om gildskapen hans. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at han har teke opp spørsmål om gildskap med ein advokat frå KS, og at han på bakgrunn av dette meiner at Øyvind Røen er gild i handsaminga av budsjettet for kyrkjestyret.

Det vart først røysta over om Øyvind Røen er gild i handsaminga av budsjettet for kyrkjestyret. Fem røysta for at han er ugild og tre for at han er gild.

Følgjande medlemmer røysta for at Øyvind Røen er ugild i handsaminga av budsjettet for kyrkjestyret:

- Monica Tjønnna (Sp)
- Inge Aasgaard (Krf)
- Olaug Øystese (A)
- Nils Aadland (A)
- Arild Røen (H)

Følgjande medlemmer røysta for at Øyvind Røen er gild i handsaminga av budsjettet for kyrkjestyret:

- Knut Harald Frøland (Bl)
- Lena Tveit (Bl)
- Odd Arne Haga (Frp)

Det vart så røysta over om Øyvind Røen er gild i handsaminga av resten av budsjettet/økonomiplanen. Sju røysta for at han er gild og ein for at han er ugild.

Følgjande medlemmer røysta for at Øyvind Røen er gild i handsaminga av resten av budsjettet:

- Monica Tjønnna (Sp)
- Inge Aasgaard (Krf)
- Olaug Øystese (A)
- Nils Aadland (A)
- Arild Røen (H)
- Knut Harald Frøland (Bl)
- Lena Tveit (Bl)

Følgjande medlem røysta for at Øyvind Røen er gild i handsaminga av resten av budsjettet:

- Odd Arne Haga (Frp)

### Orientering og diskusjon om rådmannen sitt budsjettframlegg

Rådmannen, økonomisjefen og sektorleiarane orienterte om rådmannen sitt budsjettframlegg. Det vart opna for spørsmål etter kvar presentasjon.

Økonomisjef Nina Erdal stilte spørsmål om kva nivå budsjettet/økonomiplanen skal vedtakast på. Dei siste åra har budsjettet vorte vedteke på einingsnivå, og det er også lagt opp til dette i rådmannen sitt budsjett-/økonomiplanframlegg for 2018-2021. Andre alternativ kan vera kommunenivå eller sektornivå. Det var semje i formannskapet om at dette er ei avgjerd som kommunestyret må ta. Ordføraren bad om å få dette opp som eiga sak på nyåret 2018.

Etter sektorleiar Rita Ludvigsen sin presentasjon bad Inge Aasgaard (Krf) om at møtet vart lukka, fordi han hadde nokre spørsmål/innspel knytt til presentasjonen. Desse spørsmåla/innspela inneheldt informasjon som er unnateken frå offentleg innsyn. Formannskapet vedtok å lukka møtet med heimel i kommunelova § 31 før det vart opna for Inge Aasgaard sine spørsmål/innspel. Møtet vart opna igjen etter at Inge Aasgaard hadde lagt fram spørsmåla/innspela og desse hadde vore drøfta i formannskapet.

Monica Tjønnna (Sp) spurde om det er mogleg å rekna på kostnad for sjukefråværet i forhold til kostnad ved å auka grunnbemanninga. Sektorleiar Grete Lill Hjartnes orienterte om ordninga med bufferstillingar, som er finansiert av sjukepengerefusjon. Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om at det er erfaring med at det kan vera økonomisk gunstig å auka grunnbemanninga, men at dette ofte berre er ein kortvarig effekt.

Nils Aadland (A) spurde om når det sist vart gjennomført trivselsundersøking for tilsette i kommunen. Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om at dette var hausten 2016. Nils Aadland viste til at det i det private næringslivet no er vanleg å gjennomføra hyppige trivselsundersøkingar, ved bruk av digitale verktøy som QuestBack. Dersom ein abonnerer på dette eller tilsvarende verktøy, kan slike undersøkingar gjennomførast utan ekstrakostnad. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram ønske om at spesielle

problemområde/utfordringar blir "highlita" i framtidige budsjett-/økonomiplanframlegg frå rådmannen, slik at desse blir enkle å finna/sjå for politikarane.

Økonomisjef Nina Erdal minna om at det i vedtaksframlegg må presiserast om auka løyving berre skal gjelda for 2018 eller for heile økonomiplanperioden.

#### Tilskot til Samnanger kyrkiestyre

Øyvind Røen (Sp) gjekk frå før formannskapet starta handsaminga av tilskot til kyrkjestyret og deltok ikkje under denne handsaminga.

Monica Tjønnna (Sp) sette fram følgjande framlegg:

"Det vert løyva kr 133.000 ekstra til kyrkjestyret til drift.

Kr 33.000,- vert finansiert frå disposisjonsfondet.

Rådmann får mynde til å omdisponert kr 100.000,- frå sektorane.

Endringane innarbeidast i budsjettet."

Etter spørsmål frå økonomisjefen endra Monica Tjønnna framlegget sitt til:

"Det vert løyva kr 133.000 ekstra til kyrkjestyret til drift.

Vert finansiert av auka inntekt til konsesjonskraft.

Endringane innarbeidast i budsjettet."

Bygdalista v/Lena Tveit sette fram følgjande framlegg:

"Kyrkjestyrebudsjettet blir auka med kr. 50.000. Midlar hentast frå auka rammer (forventa inntekter sal av konsesjonskraft etc)."

Framlegget til Monica Tjønnna fekk to røyster, framlegget til Bygdalista fekk fem røyster og framlegget til rådmannen fekk ingen røyster.

Følgjande medlemmer røysta for Monica Tjønnna sitt framlegg:

- Monica Tjønnna (Sp)
- Inge Aasgaard (Krf)

Følgjande medlemmer røysta imot Monica Tjønnna sitt framlegg:

- Olaug Øystese (A)
- Nils Aadland (A)
- Lena Tveit (Bl)
- Knut Harald Frøland (Bl)
- Odd Arne Haga (Frp)

Følgjande medlemmer røysta for Bygdalista sitt framlegg:

- Lena Tveit (Bl)
- Knut Harald Frøland (Bl)
- Inge Aasgaard (Krf)
- Arild Røen (H)
- Monica Tjønnna (Sp)

Følgjande medlemmer røysta imot Bygdalista sitt framlegg:

- Olaug Øystese (A)
- Odd Arne Haga (Frp)
- Nils Aadland (A)

Ingen medlemmer røysta for rådmannen sitt framlegg.

Etter handsaminga av tilskot til kyrkjestyret tok Øyvind Røen igjen plass i møtet.

Monica Tjønnna (Sp) sette fram følgjande framlegg:

"Innarbeidast i budsjett 2018:

Stillingar i skulane under omstillingsvurdering vert pålagt rådmannen. Rådmannen får mynde til å finansiera jamt frå andre sektorar fram til avgjersle i omstillingsvurderingane er gjort."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Monica Tjønnna sette andre møtedag, torsdag 23.11.2017, fram følgjande framlegg til

korrigert ordlyd i vedtaksteksten:

"Stillingar i skulane under omstillingsvurdering vert pålagt rådmannen. Rådmannen får mynde til å finansiera frå alle sektorar fram til avgjersle i omstillingsvurderingane er gjort." Formannskapet vedtok samrøystes denne endringa i vedtaksteksten.

Bygdalista v/Lena Tveit sette fram følgjande framlegg:

"Det skal takast ein generell gjennomgang av SFO med tanke på opningstider og innhald. Dette skal gjerast i samheng med pågåande kvalitetsdialog i oppvekssektor." Framlegget vart samrøystes vedteke.

Bygdalista v/Lena Tveit sette fram følgjande framlegg:

"Det skal etablerast kontorfellesskap for gründerar i det gamle biblioteklokalet. Eventuelle investeringar for å opprette dette har ei finansieringsramme på kr. 50.000 og midlar hentast frå auka rammer (forventa inntekter sal av konsesjonskraft etc)."

Under drøftinga om dette framlegget vart det semje om at det skal takast inn eit tillegg i framlegget, om at kommunen skal ta ein låg leigepris for lokalet. Med denne endringa vart framlegget samrøystes vedteke.

### Handsaming av innkomne innspel frå partia/grupperingane

*Framlegg frå Framstegspartiet om effektivisering av drifta av pleie og omsorg*  
Odd Arne Haga (Frp) trekte dette framlegget.

#### **Andre møtedag, torsdag 23.11.2017:**

*Framlegg frå Bygdalista om økonomisk analyse og gjennomgang på 2017-tal*  
Knut Harald Frøland (Bl) trekte framlegget.

*Framlegg frå Framstegspartiet om innsparingar i bygningsmassen*

Odd Arne Haga (Frp) trekte framlegget. I staden vart det sett fram følgjande fellesframlegg, som vart samrøystes vedteke:

"Prosjekt optimalisering av bygningsmasse sendes administrasjon for beskrivelse av omfang og kostnader."

*Framlegg frå Framstegspartiet om at symjebassenget på Tysse skal haldast ope i skuleåret*  
Odd Arne Haga (Frp) trekte framlegget. Formannskapet bad administrasjonen om avklaring på om fjorårets budsjettvedtak om utvida opningstid i symjehallen er følgt opp.

*Framlegg frå Framstegspartiet om gratis skulemat*

Odd Arne Haga (Frp) trekte framlegget. I staden vart det sett fram følgjande fellesframlegg, som vart samrøystes vedteke:

"Administrasjonen sjekkar opp i moglege prosjektmidlar med tanke på gratis mat til skuleborna."

*Framlegg frå Framstegspartiet om ny veg Hagabotnane*

Dette framlegget vart drøfta saman med Bygdalista sitt framlegg om utbetring av veg opp Hagabakkane. Odd Arne Haga (Frp) orienterte innleiingsvis om prosessen med å rekna ut kostnadsramma for ny veg til Hagabotnane.

Olaug Øystese (A) bad om at gildskapet til Odd Arne Haga vart vurdert. Haga gjekk frå før formannskapet starta handsaminga av spørsmålet om gildskapet hans. Olaug Øystese (A) bad om gruppemøte. Etter gruppemøtet trekte Olaug Øystese ønsket om å få gildskapet til Odd Arne Haga vurdert. Odd Arne Haga tok etter dette plass igjen i møtet.

Odd Arne Haga trekte framlegget. I staden vart det sett fram følgjande fellesframlegg, som vart samrøystes vedteke:

"Reguleringsplan for ny veg til Hagabotnane skal lagast i 2018."

*Framlegg frå Bygdalista om utbetring av veg opp Hagabakkane*

Dette framlegget vart drøfta saman med Framstegspartiet sitt framlegg om ny veg til

Hagabotnane. Knut Harald Frøland (Bl) trekte framlegget. Det vedtekne fellesframlegget om at reguleringsplan for ny veg til Hagabotnane skal lagast i 2018, vil også gjelda for dette punktet.

#### *Framlegg frå Framstegspartiet om reduksjon av eigedomsskatt*

Økonomisjef Nina Erdal orienterte innleiingsvis om at satsen for eigedomsskatt ikkje kan vera lågare enn 2 promille. Odd Arne Haga (Frp) trekte framlegget. I staden vart det sett fram følgjande fellesframlegg, som vart samrøystes vedteke:

"Administrasjonen får i oppdrag å vise eit reknestykke med konsekvensar på nedskjæringar i eigedomsskatt og botnfrådrag. Reknestykket vert lagt fram under handsaminga i desembermøtet til kommunestyret."

#### *Innspel frå Miljøpartiet Dei Grøne om klimabudsjettering*

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status for arbeidet med klimaplan/klimabudsjettering. Det vart ikkje røysta over dette innspelet. Miljøpartiet Dei Grøne vil ha moglegheit til å leggja innspelet fram som vedtaksframlegg i kommunestyremøtet 13.12.2017.

#### *Innspel frå Miljøpartiet Dei Grøne om skulehagar*

Det vart ikkje røysta over dette innspelet. Miljøpartiet Dei Grøne vil ha moglegheit til å leggja innspelet fram som vedtaksframlegg i kommunestyremøtet 13.12.2017.

#### *Innspel frå Miljøpartiet Dei Grøne om energieffektivisering og energiøkonomisering*

Assisterande rådmann Hilde-Lill Våge orienterte om status for arbeid med energieffektivisering og energiøkonomisering. Det vart ikkje røysta over dette innspelet. Miljøpartiet Dei Grøne vil ha moglegheit til å leggja innspelet fram som vedtaksframlegg i kommunestyremøtet 13.12.2017.

#### *Framlegg frå Bygdalista om skiltforvaltningsplan*

Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at framlegget vert endra ved at det vert presisert at tiltaket skal finansierast av disposisjonsfondet. Med denne endringa vart framlegget samrøystes vedteke.

#### Budsjett for kontrollutvalet 2018

Det vart sett fram følgjande fellesframlegg, som vart samrøystes vedteke:

"Budsjettet til kontrollutvalet for 2018 vert auka med 80.000,- for å kunna utføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Midlane vert henta frå konsesjonskraft."

#### Andre framlegg:

##### *Tal folkevalde i Samnanger kommune:*

Monica Tjønna (Sp) sette fram følgjande framlegg:

"Alle formuleringar om nedskjæring i antall folkevalde vert tatt ut av økonomiplanen. Dei folkevalde si rolle i eit lokaldemokrati skal ikkje skjæras ned. Samnanger kommune vil behalde det politiske nivået slik det er pr idag. Det er viktig med ei brei samansetning av både parti og antal folkevalde for å sikra lokaldemokratiet på ein tilfredsstillande måte, det vert ikkje ivaretatt om me kuttar i antalet folkevalde. Administrasjonen dekkar inn tilsvarande sum i innsparingar (vel ca 74.000,-) frå disposisjonsfondet."

Arild Røen (H) sette fram følgjande framlegg:

"Sak om antal medlemmer i ulike politiske organ kjem opp som eiga sak tidleg i 2018."

Olaug Øystese (Ap) sette fram følgjande tilleggsframlegg til Arild Røen sitt framlegg:

"Tilsvarande sum vert redusert på avsetning til disposisjonsfondet."

Framlegget til Monica Tjønna fekk fem røyster og framlegget til Arild Røen/Olaug Øystese fekk fire røyster.

Følgjande medlemmer røysta for Monica Tjønna sitt framlegg:

- Monica Tjønna (Sp)

- Øyvind Røen (Sp)
- Gunn Totland Moss (Krf)
- Odd Arne Haga (Frp)
- Lena Tveit (Bl)

Følgjande medlemmer røysta for Arild Røen/Olaug Øystese sitt framlegg:

- Arild Røen (H)
- Olaug Øystese (A)
- Nils Aadland (A)
- Knut Harald Frøland (Bl)

*IKT-investeringar:*

Nils Aadland (A) sette fram følgjande framlegg:

"Alle større IKT investeringar vert sette på hald inntil ny IKT strategi er på plass basert på ny forskrift GDPR."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Nils Aadland (A) tok opp at han synst stykkprisen på PC'ar som er oppgitt i rådmannen sitt budsjettframlegg (5.000 kroner) verkar høg. Han bad administrasjonen undersøka om kommunen kan få lågare innkjøpspris på PC'ar, for eksempel ved å knytta seg til fylkeskommunen sin innkjøpsavtale.

Røysting over heile budsjett-/økonomiplanframlegget

Formannskapet røysta til slutt over heile budsjett-/økonomiplanframlegget frå rådmannen med vedtekne endringar. Samrøystes vedteke.

**FORM- 048/2017 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering, med følgjande endringar:

- *Kyrkjestyrebudsjettet blir auka med kr. 50.000. Midlar hentast frå auka rammer (forventa inntekter sal av konsesjonskraft etc).*
- *Stillingar i skulane under omstillingsvurdering vert pålagt rådmannen. Rådmannen får mynde til å finansiera frå alle sektorar fram til avgjersle i omstillingsvurderingane er gjort.*
- *Det skal takast ein generell gjennomgang av SFO med tanke på opningstider og innhald. Dette skal gjerast i samanheng med pågåande kvalitetsdialog i oppvekssektor.*
- *Det skal etablerast kontorfellesskap for gründerar i det gamle biblioteklokalet. Eventuelle investeringar for å opprette dette har ei finansieringsramme på kr. 50.000 og midlar hentast frå auka rammer (forventa inntekter sal av konsesjonskraft etc). Kommunen skal ta ein låg leigepris for lokalet.*
- *Prosjekt optimalisering av bygningsmasse sendes administrasjon for beskrivelse av omfang og kostnader.*
- *Administrasjonen sjekkar opp i moglege prosjektmidlar med tanke på gratis mat til skuleborna.*
- *Reguleringsplan for ny veg til Hagabotnane skal lagast i 2018.*
- *Administrasjonen får i oppdrag å vise eit reknestykke med konsekvensar på*

*nedskjæringar i eigedomsskatt og botnfrådrag. Reknestykket vert lagt fram under handsaminga i desembermøtet til kommunestyret.*

- *Kommunen ynskjer å lage ein heilskapleg skiltplan som vert lagt ut til offentleg høyring- før endeleg vedtak i kommunestyret. Ein slik skiltplan skal foreslå nye skilt, samt evt. behov for utskiftingar /endringar av eksisterande skilt i kommunen. Vedteken plan vert så sendt til Statens vegvesen. Kommunen vil på bakgrunn av ein slik heilskapleg skiltplan søkje om nye skilt, punktvis over ein tidsperiode på 4 år. Til dette arbeidet skal det for budsjettåret 2018 løyvast kr. 50.000. Tiltaket skal finansierast av disposisjonsfondet.*
- *Budsjettet til kontrollutvalet for 2018 vert auka med 80.000,- for å kunna utføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Midlane vert henta frå konsesjonskraft.*
- *Alle formuleringar om nedskjæring i antall folkevalde vert tatt ut av økonomiplanen. Dei folkevalde si rolle i eit lokaldemokrati skal ikkje skjæras ned. Samnanger kommune vil behalde det politiske nivået slik det er pr idag. Det er viktig med ei brei samansetning av både parti og antal folkevalde for å sikra lokaldemokratiet på ein tilfredsstillande måte, det vert ikkje ivaretatt om me kuttar i antalet folkevalde. Administrasjonen dekkar inn tilsvarande sum i innsparingar (vel ca 74.000,-) frå disposisjonsfondet.*
- *Alle større IKT investeringar vert sette på hald inntil ny IKT strategi er på plass basert på ny forskrift GDPR.*

Det vert tatt opp eit lån på kr 8,46 mill. i 2018 til mellom anna investeringar i vatn og avløp. Lånet skal betalast ned over 40 år og ha eit avdragsfritt år.

Det vert tatt opp eit startlån i Husbanken på kr 2 mill. i 2018. Startlånet vert tatt opp i samsvar med Husbanken sine retningslinjer for startlån som er med ei løpetid på 30 år og med 2 avdragsfrie år.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 500 000 kroner kroner i 2018. Dette er lagt til grunn i økonomiplanframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om forlenga løpetid på lån i samsvar med dette.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2018:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus,



turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2017 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskriving av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

### **13.12.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Kyrkjeverje Britt Haukanes presenterte kyrkja sitt framlegg til budsjett. Ho svarte også på spørsmål frå kommunestyrerepresentantane.

Leiar i kontrollutvalet, Brig Olav Gåsdal (A), presenterte kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.

Øyvind Røen (Sp) bad om å få vurdert gildskapen sin i saka, då han er gift med kyrkjeverja i Samnanger. Han gjekk ifrå medan resten av kommunestyret diskuterte over gildskapen hans. Han vart funnen gild i saka med 17 imot 3 røyster frå Nils Aadland (A), Olaug Øystese (A) og Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig). Etter røystinga tok Øyvind Røen plass att i møtet.

Sture Tveit (H) bad om gruppemøte.

Etter at kommunestyrerepresentantane hadde diskutert saka og hatt gruppemøte vart det sett fram ei rekkje framlegg til vedtak. Desse var:

#### **1. Framlegg frå Monica Tjønnå (Sp) -**

*Det vert løyva kr. 80.000 ekstra til kyrkjestyret si drift årleg i økonomiplanen. Vert finansiert av auka inntekt til konsesjonskraft. Endringane innarbeidast i budsjett- og økonomiplan.*

#### **2. Framlegg frå Brig Olav Gåsdal (A) -**

*Rådmannen vert i løpet av første halvår 2018 pålagt å leggja fram ei sak om å byggja heis i kommunehuset.*

*Grunngjeving: Kommunen bryt lova om universell utforming og har gjort det lenge når det gjeld tilkomst til kommunehuset.*

**3. Framlegg frå Bygdalista -**

*Det skal setjast av kr. 200.000 i investeringbudsjett for 2018 til bygging av handikoptolett i bårhuset. Finansiering skal takast frå disposisjonefondet.*

**4. Framlegg frå Bygdalista -**

*Samnanger kommune skal i 2018 gjennomføre kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune. Dialogeigar skal vera Naturutvalet. Ei målsetting med kvalitetsdialogen skal vera at kommunen har bærekraftig drifts- og vedlikehaldsutgifter og at ein søker løysingar med større grad av rettferdig fordeling enn dagens løysing.*

*Administrasjonen skal vera representert med sekretær og fagpersonar samt at tillitsvalde skal ha ein representant. Møter skal vera opne.*

*Dialogarbeidet skal sjåast i lys av Fylkekommunen sin vurdering av omklassifisering av fylkesvegar som er planlagt utført i 2018, ref. Handlingsprogram 2018-2021. Det er naturleg at anbefalt løysing for ny vegmodell for Samnanger kommune føreligg etter at Fylkeskommunen har fullført sitt arbeid og at løysing skal vera underlag for vidare sakshandsaming - ref. vedtak i kommunestyre 15.06.2017 i sak " Kvalitetsdialog i Samnanger kommune".*

*Som innspel til prosess kan følgjande modell av ulike vegkategoriar vurderast:*

- 1. Kommunale vegar - Samnanger kommune har ansvaret for drift og vedlikehald.*
- 2. OPS-vegar - Ansvar er delt mellom private og Samnanger kommune.*
- 3. Private vegar - Private har ansvar for drift og vedlikehald.*

**5. Framlegg frå Arbeiderpartiet -**

*Ang. vedtak om prosjekt optimalisering av bygningsmasse sendes administrasjonen for beskrivelse av omfang og kostnader.*

*Herunder også eigedommane som kyrkja forvaltar. Ein føreset at kyrkja går i dialog med kommunen før dette punktet vert sett i verk.*

**6. Framlegg frå Arbeiderpartiet -**

*Ang, vedtak om kontorfellesskap for gründerar i det gamle biblioteket.*

*Behovet for nytt/utvida arkiv for Samnanger kommune må først vurderast m.h.t. areal og kva ombygging som må til i det gamle biblioteket for å stetta krav ang, branntryggleik, og kva krav som gjeld universell utforming til denne bruken.*

*Det bes også om ei vurdering ang. kostnadane ved dette.*

*Før event. leidig areal i gamle biblioteket vert tilbydd gründerar, vil ein få ein uttale frå det lokale næringsforumet ang. tiltaket.*

*Det står også i vedtaket ang. finansiering, at det vert trekt auka ramme (forventa inntekter sal av konsesjonskraft etc.)*

*Det er betre og meir rett å bruka frå næringsfondet disp. pr. 2018: kr. 842.892,-*

**7. Framlegg frå Framstegspartiet -**

*Vil foreslå å sette dato for reg.plan for oppstart med veg til Hagabotnane til 1.april.*

Pr. i dag er det ikkje satt dato - kun 2018.

**8. Framlegg frå Øyvind Strømmen (MDG) -**

Nytt verbalpunkt:

kommunestyret merker seg miljøvernminister Vidar Helgesen si oppmoding til kommunane om å delta i ein dugnad for å redusera matsvinn. Administrasjonen vert beden om å sjå på moglege tiltak, særleg informasjonsarbeid.

**9. Framlegg frå Øyvind Røen (Sp)**

I arbeidet med budsjettet for 2019 skal rådmannen freista å leggja inn reduksjon av eigedomsskatten for bustader og fritidseigedomar til 2 %.

**10. Framlegg frå Brigte Olav Gåsdal (A) -**

Løyvingar til kyrkja vert auka med kr. 50.000,- til høve tilrådinga frå formannskapet. Total auke vert lagt inn i økonomiplanen. (Finansiering frå dispensasjonsfondet).

Det vart røysta over alle dei ulike punkta.

**Framlegg (1) frå Monica Tjønnå (Sp) og framlegg (10) frå Brigte Olav Gåsdal (A)**

Desse to framlegga vart sett opp mot kvarandre. Det vart først gjennomført prøverøysting. Resultatet av prøverøystinga vart som følgjer:

For framlegg (1) frå Monica Tjønnå (Sp)	For framlegg (10) frå Brigte Olav Gåsdal (A)
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Martin Haugen (Bl)	Harald Boge (A)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Brigte Olav Gåsdal (A)
Lena Tveit (Bl)	Olaug Karin Øystese (A)
Solveig Vassenden (Bl)	Gunn Østvik Petersen (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	Arild Røen (H)
Odd Arne Haga (Frp)	Sture Tveit (H)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Øyvind Strømmen (MDG)
Inge Aasgaard (Krf)	Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Røen (SP)	
Monica Tjønnå (SP)	
Totalt: 12 røyster	Totalt: 9 røyster

Framlegg (1) frå Monica Tjønnå (Sp) fekk 12 røyster i prøverøystinga.

Framlegg (10) frå Brigte Olav Gåsdal (A) fekk 9 røyster i prøverøystinga.

Det vart deretter gjennomført endeleg røysting, der resultatet vart som følgjer:

For framlegg (1) frå Monica Tjønnå (Sp)	For framlegg (10) frå Brigte Olav Gåsdal (A)
Knut Harald Frøland (Bl)	Nils Aadland (A)
Martin Haugen (Bl)	Harald Boge (A)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Brigte Olav Gåsdal (A)
Lena Tveit (Bl)	Olaug Karin Øystese (A)
Solveig Vassenden (Bl)	Gunn Østvik Petersen (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	Arild Røen (H)

Odd Arne Haga (Frp)	Øyvind Strømmen (MDG)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Sture Tveit (H)	
Totalt: 13 røyster	Totalt: 8 røyster

Framlegg (1) frå Monica Tjønnå (Sp) fekk 13 røyster og vart vedteke.

Framlegg (10) frå Brigt Olav Gåsdal (A) fekk 8 røyster.

**Framlegg (2) frå Brigt Olav Gåsdal** vart samrøystes vedteke.

**Framlegg (3) frå Bygdalista** vart ikkje vedteke.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For framlegg (3) frå Bygdalista	Imot framlegg (3) frå Bygdalista
Karl B. Kollbotn (Frp)	Nils Aadland (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	Brigt Olav Gåsdal (A)
Odd Arne Haga (Frp)	Gunn Østvik Petersen (A)
Knut Harald Frøland (Bl)	Olaug Karin Øystese (A)
Lena Tveit (Bl)	Harald Bøge (A)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Martin Haugen (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Solveig Vassenden (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Øyvind Røen (Sp)	Arild Røen (H)
Monica Tjønnå (Sp)	Sture Tveit (H)
	Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)
Totalt: 10 røyster	Totalt: 11 røyster

Arild Røen (H) sette fram følgjande **protokollmerknad** om dette punktet:

*Det må foreligge pris utarbeida av kvalifiserte personar. Fremjast som sak i KS når dette foreligg.*

**Framlegg (4) frå Bygdalista** vart samrøystes vedteke.

**Framlegg (5) frå Arbeidarpartiet** vart samrøystes vedteke.

**Framlegg (6) frå Arbeidarpartiet** vart vedteke.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For framlegg (6) frå Arbeidarpartiet	Imot framlegg (6) frå Arbeidarpartiet
Nils Aadland (A)	Odd Arne Haga (Frp)
Brigt Olav Gåsdal (A)	Knut Harald Frøland (Bl)
Gunn Østvik Petersen (A)	Lena Tveit (Bl)
Olaug Karin Øystese (A)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Harald Bøge (A)	Martin Haugen (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Øyvind Røen (Sp)
Inge Aasgaard (Krf)	Monica Tjønnå (Sp)

Gunn Totland Moss (Krf)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Totalt: 14 røyster	Totalt: 7 røyster

**Framlegg (7) frå Framstegspartiet** vart vedteke.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For framlegg (7) frå Framstegspartiet	Imot framlegg (7) frå Framstegspartiet
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Nils Aadland (A)
Gunnar Bruvik (Frp)	Bright Olav Gåsdal (A)
Odd Arne Haga (Frp)	Gunn Østvik Petersen (A)
Knut Harald Frøland (Bl)	Olaug Karin Øystese (A)
Lena Tveit (Bl)	Harald Bøge (A)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Inge Aasgaard (Krf)
Martin Haugen (Bl)	Gunn Totland Moss (Krf)
Solveig Vassenden (Bl)	Arild Røen (H)
Øyvind Røen (Sp)	Sture Tveit (H)
Monica Tjønnå (Sp)	Øyvind Strømmen (MDG)
Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)	
Totalt: 11 røyster	Totalt: 10 røyster

**Framlegg (8) frå Miljøpartiet Dei Grøne** vart samrøystes vedteke.

**Framlegg (9) frå Øyvind Røen (Sp)** vart vedteke.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For framlegg (9) frå Øyvind Røen (Sp)	Imot framlegg (9) frå Øyvind Røen (Sp)
Knut Harald Frøland (Bl)	Bright Olav Gåsdal (A)
Martin Haugen (Bl)	Olaug Karin Øystese (A)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Lena Tveit (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Inge Aasgaard (Krf)	
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Røen (Sp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Sture Tveit (H)	
Arild Røen (H)	
Nils Aadland (A)	

Harald Boge (A)	
Gunn Østvik Petersen (A)	
Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)	
Totalt: 18 røyster	Totalt: 3 røyster

Kommunestyret røysta til slutt over heile budsjett-/økonomiplanframlegget frå formannskapet med vedtekne endringar. Samrøystes vedteke.

#### **KS- 058/2017 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021 vert vedteke slik det ligg føre med vedlegg budsjettskjema 1A, 2A, hovudoversikt drift, hovudoversikt investering, netto driftsutgifter og detaljar investering, med følgjande endringar vedtekne i formannskapet og kommunestyret:

- *Kyrkjestyrebudsjettet blir auka med kr. 50.000. Midlar hentast frå auka rammer (forventa inntekter sal av konsesjonskraft etc).*
- *Det vert løyva kr 80.000 ekstra til kyrkjestyret si drift årleg i økonomiplanen. Vert finansiert av auka inntekt til konsesjonskraft. Endringane innarbeidast i budsjett- og økonomiplan.*
- *Rådmannen vert i løpet av første halvår 2018 pålagt å leggja fram ei sak om å byggja heis i kommunehuset.*  
*Grunngjeving:*  
*Kommunen bryt lova om universell utforming og har gjort det lenge når det gjeld tilkomst til kommuehuset.*
- *Samnanger kommune skal i 2018 gjennomføre kvalitetsdialog om ny vegmodell for Samnanger kommune. Dialogeigar skal vere Naturutvalet. Ei målsetting med kvalitetsdialogen skal vere at kommunen har bærekraftige drifts- og vedlikehaldsutgifter og at ein søker løysingar med større grad av rettferdig fordeling enn dagens løysing.*

*Administrasjon skal vere representert med sekretær og fagpersonar samt at tillitsvalte skal ha ein representant. Møter skal vere opne.*

*Dialogarbeidet skal sjåast i lys av Fylkeskommunen sin vurdering av om-klassifisering av fylkesvegar som er planlagt utført i 2018, ref. Handlingsprogram 2018 – 2021. Det er naturleg at anbefalt løysing for ny vegmodell for Samnanger kommune føreligg etter at Fylkeskommunen har fullført sitt arbeid og at løysing skal vere underlag for vidare sakshandsaming – ref. vedtak i kommunestyre 15.06.17 i sak «Kvalitetsdialog i Samnanger kommune».*

*Som innspel til prosess kan følgjande modell av ulike vegkategoriar vurderast:*

1. *Kommunale vegar: Samnanger kommune har ansvar for drift og vedlikehald.*
  2. *OPS – vegar: Ansvar er delt mellom private og Samnanger kommune.*
  3. *Private vegar: Private har ansvar for drift og vedlikehald.*
- *Stillingar i skulane under omstillingsvurdering vert pålagt rådmannen. Rådmannen får mynde til å finansiera frå alle sektorar fram til avgjersle i omstillingsvurderingane er gjort.*

- Det skal takast ein generell gjennomgang av SFO med tanke på opningstider og innhald. Dette skal gjerast i samanheng med pågåande kvalitetsdialog i oppvekssektor.
- Kontorfellesskap for gründerar:

*(Formannskapet si tilråding):*

*Det skal etablerast kontorfellesskap for gründerar i det gamle biblioteklokalet. Eventuelle investeringar for å opprette dette har ei finansieringsramme på kr. 50.000 og midlar hentast frå auka rammer (forventa inntekter sal av konsesjonskraft etc). Kommunen skal ta ein låg leigepris for lokalet.*

*(Endring vedteken av kommunestyret):*

*Behovet for nytt/utvida arkiv for Samn.kommune må først vurderast m.h.t. areal og kva ombygging som må til i det gamle biblioteket for å stetta krav ang.branntryggleik, og kva krav som gjeld universell utforming til denne bruken.*

*Me ber òg om ei vurdering ang.kostnadane ved dette.*

*Før event. ledig areal i gamle biblioteket vert tilbydd gründerar, ønskjer me å få ein uttale frå det lokale næringsforumet ang. tiltaket.*

*Det står òg i vedtaket ang.finansiering, at det vert trekt frå auka ramme (forventa inntekter sal av konsesjonskraft etc.). Kommunestyret meiner at det event. er betre og meir rett å bruka frå næringsfondet (disp.pr. 2018: kr. 842.892,-)*

- *Nytt verbalpunkt:  
Kommunestyret merker seg miljøvernminister Vidar Helgesen si oppmoding til kommunane om å delta i ein dugnad for å redusera matsvinn. Administrasjonen vert beden om å sjå på moglege tiltak, særleg informasjonsarbeid.*
- *I arbeidet med budsjettet for 2019 skal rådmannen freista å leggja inn ein reduksjon av eigedomsskatten for bustader og fritidseigedomar til 2 %.*
- *Prosjekt optimalisering av bygningsmasse sendes administrasjon for beskrivelse av omfang og kostnader. Herunder også eigedommane som kyrkja forvaltar. Ein føreset at kyrkja går i dialog med kommunen før dette punktet vert sett i verk.*
- *Administrasjonen sjekkar opp i moglege prosjektmidlar med tanke på gratis mat til skuleborna.*
- *Reguleringsplan for ny veg til Hagabotnane skal lagast i 2018. Vil foreslå å sette dato for reg. plan for oppstart med veg til Hagabotnane til 1. april. Pr. i dag er det ikke satt dato - kun 2018.*
- *Kommunen ynskjer å lage ein heilskapleg skiltplan som vert lagt ut til offentleg høyring- før endeleg vedtak i kommunestyret. Ein slik skiltplan skal foreslå nye skilt, samt evt. behov for utskiftingar /endringar av eksisterande skilt i kommunen. Vedteken plan vert så sendt til Statens vegvesen. Kommunen vil på bakgrunn av ein slik heilskapleg skiltplan søkje om nye skilt, punktvis over ein tidsperiode på 4 år. Til dette arbeidet skal det for budsjettåret 2018 løyvast kr. 50.000. Tiltaket skal finansierast av disposisjonsfondet.*
- *Budsjettet til kontrollutvalet for 2018 vert auka med 80.000,- for å kunna utføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Midlane vert henta frå konsesjonskraft.*

- *Alle formuleringar om nedskjæring i antall folkevalde vert tatt ut av økonomiplanen. Dei folkevalde si rolle i eit lokaldemokrati skal ikkje skjæras ned. Samnanger kommune vil behalde det politiske nivået slik det er pr idag. Det er viktig med ei brei samansetning av både parti og antal folkevalde for å sikra lokaldemokratiet på ein tilfredsstillande måte, det vert ikkje ivaretatt om me kuttar i antalet folkevalde. Administrasjonen dekkar inn tilsvarende sum i innsparingar (vel ca 74.000,-) frå disposisjonsfondet.*
- *Alle større IKT investeringar vert sette på hald inntil ny IKT strategi er på plass basert på ny forskrift GDPR.*

Det vert tatt opp eit lån på kr 8,46 mill. i 2018 til mellom anna investeringar i vatn og avløp. Lånet skal betalast ned over 40 år og ha eit avdragsfritt år.

Det vert tatt opp eit startlån i Husbanken på kr 2 mill. i 2018. Startlånet vert tatt opp i samsvar med Husbanken sine retningslinjer for startlån som er med ei løpetid på 30 år og med 2 avdragsfrie år.

Kommunen betaler i dag meir i avdrag på lån enn det som det er krav om. Utrekning viser at betaling av avdrag kan reduserast med 500 000 kroner kroner i 2018. Dette er lagt til grunn i økonomiplanframlegget og kommunen må søkja Kommunalbanken om forlenga løpetid på lån i samsvar med dette.

I medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal fylgjande utskrivingsalternativ nyttast for skatteåret 2018:

Den generelle skattesatsen som skal gjelda for dei skattepliktige eigedomane vert sett til 7 promille. I medhald av eigedomsskattelova §12 bokstav a vert satsane differensiert ved at den satsen som skal gjelda for bustader og fritidseigedomar vert sett til 2,4 promille.

For bustaddelen av eigedomen (gjeld og fritidseigedom) vert det gitt eit botnfrådrag på kr 100 000 av takstverdi. Botnfrådraget vert gitt for alle sjølvstendige bustaddelar. Botnfrådrag vert ikkje gitt når eigedomen vert nytta til næringsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav a vert det gitt fritak til stiftingar eller institusjonar som har som formål å gagna kommunen, fylke eller staten. Unnateke er kommersielle stiftingar/ institusjonar. Fritaket vil gjelda forsamlingshus, bedehus, turisthytter og liknande. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav b vert det gitt fritak for bygningar som har historisk verdi med 100 prosent. Fritak kan og vurderast på grunnlag av søknad. Det er eit krav at bygget har bevart sin opphavlege arkitektoniske stil og at det ikkje vert brukt til forretningsverksemd.

I medhald av eigedomsskattelova § 7 bokstav c vert det gitt fritak for nybygde bustadeigedomar (gjeld ikkje fritidseigedomar) i 1 år, eller til kommunestyret endrar eller opphevar fritaket. Fritaket gjeld bygg der det vert starta bygging i 2017 eller seinare. Formannskapet får fullmakt til å avgjera einskildsaker om skattefritak.

Kommunestyret har i sak 14/14 vedtatt å bruka formuesgrunnlag frå skatteetaten for utskrivning av eigedomsskatt på bustadhus. Bustadhus og hytter utan formuesgrunnlag vert



takserte. Det same gjeld næringsverksemd, tomtar mm. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen dei til ei kvar tid gjeldande skattevedtekter.

Eigedomsskatten skal betalast i 4. terminar.

### **Kva saka gjeld:**

Rådmannen har utarbeidd eit framlegg til økonomiplan for 2018 -2021 som skal handsamast av formannskapet i møte 22. og 23.11.2017 og i kommunestyret 13.12.2017. Første året i økonomiplanen er også budsjettet for 2018.

Utgangspunktet for den framlagde økonomiplanen er kommunestyret sitt vedtak i sak 15/16 der det vart fastsett eit mål om å ha eit positivt netto driftsresultat på 1,23 % i 2018 og stigande ut over i planperioden. Me ser at dette målet ikkje lar seg gjera i denne perioden. Det vart mellom anna lagt til grunn føringar til økonomiplanen ei avsetjing til disposisjonsfondet på kr. 1,455 mill. i 2018, dagens framlegg vil gje ei avsetjing på kr 1,395 mill i 2018.

Rådmannen har i sitt framlegg lagt til grunn dei fleste av føringane som vart gitt i «Føringar økonomiplan og kvalitetsindikatorer 2018-21» som vart utarbeidd våren 2017.

Det er som vanleg lagt ned mest tid til utarbeiding av budsjettet for det første året i perioden. I framlegget er det peika på tiltak som kan gjerast for å forbetra netto driftsresultat utover i planperioden. Mykje er **usikkert** særleg når me går ut over i planperioden. Me har, som vanleg, lagt oss på ei konservativ linje både kva gjeld inntekter og utgifter. Dvs. at me i det alt vesentlege legg til grunn det me veit. Men når me skal legge planar for 4 år, vil det nødvendigvis måtte gjerast ein del vurderingar.

På **inntektssida** er kraftinntektene kanskje dei mest usikre. Me har problemstillingane rundt kraftprisar. Dei har direkte innverknad på inntektene frå sal av konsesjonskraft og indirekte på eigedomsskatten. Det er også andre tilhøve som har innverknad på eigedomsskatten, m.a. korleis utgifter til rehabilitering/vedlikehald av anlegga vert rekneskapsført og grunnrentesatsen. I økonomiplanen har me lagt inn dagens forventningar om kraftprisen (sal av konsesjonskraft), og me har lagt til grunn at eigedomsskatten ikkje skal gå ytterlegare ned.

Innanfor sjølvkostområde legg me til grunn høgare satsar for å nærma oss et faktisk sjølvkostnivå.

Når det gjeld **utgifter**, har kommunen styring, men det me ser er at me er nøydd til å investera i ein del programvare på ulike hold som burde vore på plass tidlegare. Noko av det er grunna den forrykande utviklinga digitaliseringa i samfunnet krev. Her ser me at me er avhengig av å samarbeida med andre kommunar for å klara å levera. Kommunen har høg lånegjeld, og utviklinga i renta er derfor ekstra viktig for kommunen sitt handlingsrom. Me

har lagt til grunn ei flytande rente på 1,8% i planperioden frå 2019 og 1,6% i 2018. Delar av låna våre er på fastrente, og den er stort sett høgare enn det. For desse låna er sjølvsagt den reelle kostnaden lagt inn.

**Vurderingar og konsekvensar:**

Framlegg til økonomiplan tilfredsstillar krava om eit forsvarleg budsjett, men oppfyller ikkje målet kommunestyret har sett om storleiken på netto driftsresultat.